

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 02.01.2006
Sakbehandlar: Torleiv Bergland
Saka gjeld: **Årleg melding for 2005 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest**

Styresak 015/06 B

Styremøte 8. februar 2006

Bakgrunn

Det regionale brukarutvalet har utarbeidd årleg melding for 2005. Meldinga er lagt ved i sin heilskap.

Meldinga blir her lagt fram for styret.

Kommentarar

Medlemmer i utvalet

Utvalet har i 2005 bestått av 9 medlemmer. Seks av representantane representerer Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), to av representantane representerer Samarbeidsforum for funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO) og ein representant er utpeikt av fylkeseldreråda i regionen.

Oppgåver og aktivitetar

Det er halde 6 møter i løpet av året, 3 i Bergen og 3 i Stavanger.

Utvalet har m.a. hatt fokus på følgjande saksområde:

- Individuell Plan
- Rehabilitering og habilitering
- Lærings- og meistringssentra, mellom anna erfaringane med disse

- Rapport om høgspesialiserte tenester i Helseregion Vest – høyring
- Opptreningstilbodet i Helseregion Vest – høyring
- Regional kreftplan- høyring
- Nytt inntektssystem i Helse Vest – høyring

- Samarbeid og samhandling mellom helseføretaka når det gjeld ambulansetenestene
- Regional rusplan

Det regionale brukarutvalet har særleg merka seg at det i 2005 er satt i gang et bredt og omfattande arbeid innanfor rehabiliterings – og habiliteringstenestene. Utvalet merker seg at brukarane i stor grad er tatt med i arbeidet

Arbeidstilhøve

Utvalet har i 2005 engasjert seg i ei rekke enkeltsaker og deltatt i fleire prosjekt. Brukarutvalet registrerar ein auke i deltaking i prosjektarbeid frå førre år og er såleis nøgd med utviklinga. Møtet med styreleiar i Helse Vest i februar vart opplevd svært positivt.

Det regionale brukarutvalet er svært nøgd med at fagdirektøren prioriterer å stille opp på kvart møte for å informere og for å få tilbakemelding frå brukarane.

Brukarutvalet opplever at dei har et godt samarbeid med Helse Vest.

Utfordringar

Det regionale brukarutvalet opplever at tilhøva for påverknad og deltaking i utforminga av spesialisthelsetenesta ligg godt til rette. Brukarutvalet oppgjer i denne samanheng at dei saknar betydeleg meir engasjement frå sine primærorganisasjonar.

Utvalet er framleis opptatt av å delta i plan- og utviklingsarbeid.

Psykiatritilbodet har i 2005 vore gjenstand for stor interesse. Utvalet ønskjer også i 2006 å fokusere på området. Likeins ønskjer utvalet å sjå nærare på tilbodet innanfor rusomsorga framover. Samhandlinga mellom fyrste- og andrelinjetenesta er også eit område utvalet vil rette fokus mot.

Utvalet opplever ei positiv utvikling frå 2004 og ser fram til nye utfordringar i 2006.

Forslag til vedtak

Årleg melding for 2005 frå det regionale brukarutvalet vert tatt til orientering.

Vedlegg:

Det regionale brukarutvalet i Helseregion Vest – Årsmelding for 2005